

Sak nr	Utval	Møtedato
05/17	Formannskapet	01.02.2017
05/17	Kommunestyret	08.02.2017

FORLENGING AV GJELDANDE GOD HELSE PARTNARAVTALE MED MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Formannskapet	01.02.2017
Handsaming:	
Folkehelsekoordinator Magne Fylling orienterte.	
Karoline Stette (SP) foreslår Modolf Hareide som medlem, og Johan Honningdal som varamedlem.	
Dag Olav Tennfjord (H) foreslår Per Egil Håhjem som medlem.	
Karoline Stette ønskjer å få protokollført at det er viktig at innvalde medlem frå einingane har eit heilskapleg perspektiv og ansvar for arbeidet i styringsgruppa for folkehelsa.	
Votering	
Votering over Karoline Stette sitt forslag:	
Votering: Samrøystes vedtatt	
Votering over Dag Olav Tennfjord sitt forslag:	
Votering: Samrøystes vedtatt	
Votering over rådmannen si innstilling:	
Votering: Samrøystes vedtatt	
Innstilling/vedtak:	
FORMANNSKAPET SI INNSTILLING	
<ol style="list-style-type: none">1. Skodje kommunestyre vedtek å forlenge gjeldande God Helse partneravtale mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og Skodje kommune ut kalenderåret 2019. Avtalen inneheld m.a. eit vilkår om å ha tilsett folkehelsekoordinator i min 50 % stilling.2. Skodje kommunestyre vedtek å oppnemne ny Styringsgruppe for folkehelse med slik samansetjing:<ul style="list-style-type: none">· Politikarar: To medlemmer Modolf Hareide og Per Egil Håhjem med felles vara Johan Honningdal.· Rådmannsteam: Ein representant	

- Helseeininga: Ein representant
- Skulane: Ein representant
- Barnehagane: Ein representant
- Frivillege lag, idrett: Ein representant
- Frivillege lag, kultur utanom idrett: Ein representant

Folkehelsekoordinator skal halde fram som sekretær.

Styringsgruppa for folkehelse skal ha funksjonstid ut 2019.

Rådmannen får oppdrag å utfordre dei ulike gruppene til å gjere val slik at den nye styringsgruppa er på plass 1. april 2017.

Mandatet til styringsgruppa er å følgje opp kommunen sitt folkehelsearbeid i tråd med God Helse-partnaravtalen og mål sett av kommunestyret i årlege handlingsplanar.

Kommunestyret

08.02.2017

Handsaming:

Rådmannen orienterte.

Desse tok ordet: Leif Glomset (H), Modolf Hareide (SP).

Modolf Hareide (SP) foreslo å vedta leiar og nestleiar i gruppa. Leif Glomset (H) foreslo Modolf Hareide som leiar og Per Egil Håhjem som nestleiar.

Votering

Votering over punkt 1 i formannskapet si innstilling:

Votering: Samrøystes vedtatt

Votering over punkt 2 i formannskapet si innstilling:

Votering: Samrøystes vedtatt

Votering over tilleggsforslaget om oppnemning av Modolf Hareide som leiar og Per Egil Håhjem som nestleiar:

Votering: Samrøystes vedtatt

Innstilling/vedtak:

1. Skodje kommunestyre vedtek å forlengje gjeldande God Helse partneravtale mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og Skodje kommune ut kalenderåret 2019. Avtalen inneheld m.a. eit vilkår om å ha tilsett folkehelsekoordinator i min 50 % stilling.

2. Skodje kommunestyre vedtek å oppnemne ny Styringsgruppe for folkehelse med slik samansetjing:
 - Politikarar: To medlemmer Modolf Hareide (leiar) og Per Egil Håhjem (nestleiar) med felles vara Johan Honningdal.
 - Rådmannsteam: Ein representant
 - Helseeininga: Ein representant
 - Skulane: Ein representant
 - Barnehagane: Ein representant
 - Frivillege lag, idrett: Ein representant
 - Frivillege lag, kultur utanom idrett: Ein representant

Folkehelsekoordinator skal halde fram som sekretær.

Styringsgruppa for folkehelse skal ha funksjonstid ut 2019.

Rådmannen får oppdrag å utfordre dei ulike gruppene til å gjere val slik at den nye styringsgruppa er på plass 1. april 2017.

Mandatet til styringsgruppa er å følgje opp kommunen sitt folkehelsearbeid i tråd med God Helse-partnaravtalen og mål sett av kommunestyret i årlege handlingsplanar.

VEDLEGG:

Melding i epost dat 16.12.16 om vidareføring av avtalar med kommunane i God Helse partnerskapet for 2017 - 2019

God Helse Partneravtale (2013-2016) som kommunen har fått tilbod om å forlenge
Kommunestyresak 38/13: Mandat og ny samansetjing av Styringsgruppe for folkehelse
Handlingsprogram for folkehelse

Rapport dat 03.11.14 frå Fylkesmannen sitt tilsyn i 2014 på folkehelsearbeidet

KORT SAMANDRAG AV SAKSUTGREIINGA:

Skodje kommune har fått tilbod om å forlenge gjeldande God Helse partnerskapsavtale med fylkeskommunen til 31.12.19. Kommunestyret må ta stilling til om vi skal forlenge avtalen, og korleis folkehelsearbeidet skal organiserast vidare.

SAKSUTGREIING:

I brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune dat 16.12.16 blir kommunane inviterte til å forlenge gjeldande avtale til utgangen av 2019.

Kultur- og folkehelseutvalet gjorde i sak KF-46/16, følgjande samrøystes vedtak:

1. *Møre og Romsdal fylkeskommune tilbyr kommunane å forlenge gjeldande partneravtale om folkehelsearbeid fram til 31. desember 2019.*
2. *God Helse-partnerskapet og gjeldande partneravtale skal evaluerast i 2018.*
3. *Evalueringa og tilråding om vegen vidare for God helse-partnerskapet skal leggjast fram for kultur- og folkehelseutvalet våren 2019.*

Avtalen blir forlenga slik den føreligg, der bykommunane Kristainsund, Molde og Ålesund, får eit årleg tilskot på 150 000 kroner. Øvrige kommunar får 125 000 kroner.

Vi ber om ei stadfesting ved underskrift av ordførar, rådmann, eller politisk vedtak frå kvar kommune om at dei ønsker å forlenga sin avtale. Stadfestinga vil ligge til grunn for tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune i perioden 2017-2019.

Vi ber kommunane gi tilbakemelding innan 15. februar 2017

Historikk

Kommunestyret gjorde 22.09.2009 i sak PS 49/09 for første gong vedtak om God helse partnerskap med Møre og Romsdal fylkekommune.

Det blei i same sak etablert ei Styringsgruppe for folkehelse samansett av to representantar frå Helse- og sosialutvalet, helsesøster, kultursjef og kommunalsjef. Nytilsett folkehelsekoordinator var sekretær.

Gruppa fekk ikkje noko klart mandat, men skulle ha ein støttefunksjon for folkehelsekoordinator i nybrottsarbeidet. I tråd med vedtaket i kommunestyret var det naturleg å starte opp med sterkt fokus på utarbeiding av ruspolitisk plan.

Etter at første periode for partnerskapet var omme, ga fylkekommunen tilbod om ny avtale for perioden 01.01.13-31.12.16. Den nye avtalen var revidert, tilpassa nye utfordringar og det faktum at folkehelselova hadde trått i kraft 01.01.12.

Særleg to nye punkt medførte behov for endring i organiseringa:

- Bruk av alle kommunale sektorar i folkehelsearbeidet.
- Fastsette mål og strategiar for folkehelsearbeidet — med forankring i det kommunale planarbeidet.

Rådmannen meinte styringsgruppa måtte utvidast til å dekke fleire kommunale tenesteområde og frivillig sektor for å sikre at kommunen følgde opp dei nye intensjonane.

Med noko endra profil såg rådmannen det føremålstenleg at ein politiskar i gruppa blei leiar. Som bindeledd til kommunestyret kunne dei politiske representantane vere sentrale i å sette dagsorden og også sikre forankring i kommunale planar.

I sak 38/13 vedtok kommunestyret å utvide Styringsgruppa for folkehelse med fleire representantar frå kommunen og frivillig sektor. Dei politisk valde skulle ha funksjonane leiar og nestleiar. Med nokre justeringar sidan vedtaket i 2013 var samansetjinga av styringsgruppa pr 31.12.16 slik:

Lidvar Giskeødegård, politiskar og leiar, Johan Honningdal, politiskar og nestleiar, Modolf Hareide vara for begge dei politisk oppnemnde, Ragnhild Kaldhussæter, helseavdelinga, Kristian Skålhavn, kommunalsjef, Håvard Valderhaug, skulerepr, Camilla Brusdal,

barnehagerepr, Odd Grande, idrett. Frå kultur utanom idretten har det vore ulike som har møtt. Folkehelsekoordinator er sekretær.

Vedtaket i sak 38/13 sa også at.... *Mandatet er å følgje opp kommunen sitt folkehelsearbeid i tråd med God Helse-partnerskapsavtalen. Gruppa skal vere eit bindeledd mellom administrasjon, politikk og frivillege lag, og skal **fungere fram til 2016**. Målet for gruppa er å styrke, synleggjere og vere ein aktiv pådrivar for folkehelsearbeid i kommunen. **Ordninga skal evaluerast saman med eventuell inngåing av ny partnerskapsavtale.***

Sitjande Styringsgruppe for folkehelse har altså hatt funksjonstid ut 2016, samanfallande med utløp av perioden for siste partnerskapsavtale med fylkeskommunen.

VURDERING:

Med tilbod om ny partnerskapsavtale på tre år må kommunen ta stilling til to forhold:

1. Forlenging av partnerskapsavtalen fram til utgangen av 2019
2. Vidare organisering av folkehelsearbeidet

I k-styrevedtak 38/13 er det føresett at ordninga skal evaluerast før kommunen vel å gå for forlenging.

Møre og Romsdal fylkeskommune har forplikta seg gjennom vedtak i fylkestinget til å ta eit koordinerande ansvar for God Helse programmet i fylket. Gjennomføringa av partnerskapet sitt arbeid er basert på likeverd mellom partnarane.

Møre og Romsdal fylkeskommune sine plikter:

- Bruk av alle fylkeskommunale sektorar i folkehelsearbeidet.
- Fastsette mål og strategiar for folkehelsearbeidet – med forankring i det

fylkeskommunale planarbeidet.

- Utarbeide ein oversikt over helsetilstanden og dei positive og negative

faktorane som kan virke inn på den. Oversikta skal danne grunnlag for regional og kommunal planlegging.

- Hovudansvar for koordinering og drift av partnerskapet.
- Koordinere og gjennomføre samlingar og kurs i samarbeid med kommunane.
- Sekretariatfunksjon for God Helse programmet med personell og

kontorressursar.

- Ansvar for egne økonomiske tilskot til partnerskapet.

Kommunen sine plikter:

- Bruk av alle kommunale sektorar i folkehelsearbeidet.
- Fastsette mål og strategiar for folkehelsearbeidet – med forankring i det

kommunale planarbeidet.

- Utarbeide ein oversikt over helsetilstanden og dei positive og negative

faktorane som kan virke inn på den. Oversikta skal danne grunnlag for lokal planlegging.

- Tilsette folkehelsekoordinator i minimum 50 % stilling. Koordinatoren bør ha ei

sentral plassering i organisasjonen, då folkehelsearbeidet omfattar heile kommunen si verksemd.

- Ansvar for initiering og planlegging av lokale prosjekt, inklusive aktiv

medverknad i gjennomføring av desse.

- Ansvar for kommunen sin eigenfinansiering av folkehelsearbeidet.
- Innsats av lokalt personell og kontorressursar.

Det blir organsiert årlege partnerskapsforum der ordførar og rådmann er invitert saman med folkehelsekoordinator og andre sentrale i folkehelsarbeidet.

Folkehelseavdelinga i fylkeskommunen inviterer fleire gonger for året til kompetansebyggande samlingar.

Rådmannen vil løfte fram fleire openberre gevinstar kommunen får ved partneravtalen:

1. Tilbod om kurs og konferansar som er kompetansebyggande.
2. Hjelp til struktur på folkehelsearbeidet lokalt
3. Hjelp til oversikt over helsetilstanden regionalt og lokalt
4. Delfinansiering av løna til folkehelsekoordinator

Hausten 2014 fekk vi tilsyn frå Fylkesmannen på folkehelsearbeidet.

Under vurdering av status i rapporten s 8-9 står det i første kulepunkt:

Kommunen har lang og brei erfaring med folkehelsearbeid.

Det er lagt vekt på tverrsektoriell og tverrfagleg tilnærming.

Kommunen har ei rekke ulike aktivitetar på tvers av alder og målgruppe.

Vi ser gjennom dette at kommunen har tydeleg fokus på folkehelsearbeid jf. «Helse i alt vi gjer». Dette er i tråd med kommunen sin visjon «Skodje —den gode bukommunen med mangfald, utfordringar og trivsel».

Folkehelse er godt forankra i kommunale planar og styringsdokument.

Kommunen er i gang med rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel med folkehelse som eit gjennomgåande perspektiv.

Dette er etter Fylkesmannen si vurdering eit godt utgangspunkt for langsiktig, tverrfagleg og systematisk folkehelsearbeid i kommunen som organisasjon og samfunn.

Men det blir også halde fram at

Ei viktig utfordring for kommunen blir å sikre at kommunen sine planar blir godt kjent nedover i organisasjonen og at det blir sett konkrete mål for folkehelsearbeidet ute i

einingane. Einingsleiarane må i dag gjennom årsmelding rapportere om folkehelsearbeidet, både ut frå tiltak for brukarane og dei tilsette. Det blir i liten grad rapportert ut frå mål og måloppnåing. Fylkesmannen meiner derfor det kan vere ein fordel å vidareutvikle systemet for formidling og rapportering på folkehelseområdet.

Med klare råd og føringar frå Fylkesmannen arbeidde Styringsgruppa for folkehelse i møte 13.04.15 fram slik struktur på arbeidet:

Årshjul for systemarbeidet:

Januar:

Styringsgruppa for folkehelse med si breie samansetjing har følgjande agenda:

- Evaluere fjorårets folkehelsearbeid/vedta årsmelding
- gjere analysar av folkehelstilstanden basert på evaluering av fjoråret, ny folkehelseprofil og andre undersøkingar og faktamateriale som er tilgjengeleg.
- arbeide fram handlingsprogram.

Februar/mars:

Ulike tenesteområde i kommunen og frivillige lag blir utfordra til å ta vidare tiltak arbeid fram i styringsgruppa.

Tenesteområda i kommunen må vise mål og tiltak i verksemdsplanane.

Men det er også viktig at det blir gjort eigne analysar, drøftingar og beslutningar om mål og tiltak i kommuneorganisasjonen og innan det frivillege arbeidet.

NB! Viktig å dokumentere at slike møte har funne stad og kva som er blitt vedteke. Effekten av gjennomførte tiltak bør kunne målast/evaluerast og dokumenterast.

Sept/okt:

Møte i Styringsgruppa for å få statusrapport frå ulike aktørar i folkehelsearbeidet.

Det er i 2015 og 2016 blitt utarbeidd handlingsplanar med mål og tiltak innan seks sentrale område:

1. Samfunnsutvikling for ein god start i livet
2. Helsevennleg arbeidsliv

3. Samfunn som fremmar aktiv og frisk alderdom
4. Trygt og helsefremmande fysisk miljø
5. Inkludering og deltaking i kultur og frivillege organisasjonar
6. Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Handlingsplanen har mål og tiltak innan kvart av dei seks områda. Det er lagt opp til at tiltaka skal vere så konkrete at det kan målast grad av måloppnåing.

Handlingsplan for folkehelse er no del av den politisk vedtekne Handlingsplan for 2017.

Med brei samansetjing i styringsgruppa, mandat som bindeledd mellom politikarar, administrasjon og frivillegeit, og årshjul for systematikk i folkehelsearbeidet, meiner rådmannen det er innarbeidd ein praksis som bør halde fram.

Rådmannen vil rå til at God Helse partneravtalen blir forlenga til 31.12.19 og at organiseringa med ei styringsgruppe for folkehelse held fram.

Mykje har skjedd sidan 2013. Det er valt nytt kommunestyre og det er gjort endring i funksjonar og oppgåver både hos tillitsvalde i frivillege lag og tilsette i kommuneorganisasjonen.

Funksjonstida til sitjande Styringsgruppe for folkehelse gjekk ut 31.12.16, og det må veljast ny for perioden 2017-2019..

Samansetjinga bør vere som no, og det er sjølvsagt mogleg med attval av ein eller fleire av sitjande representantar:

Politikarar: To medlemmer med felles vara. Skal vere leiar og nestleiar

Rådmannsteam: Ein representant

Helseeininga: Ein representant

Skulane: Ein representant

Barnehagane: Ein representant

Frivillege lag, idrett: Ein representant

Frivillege lag, kultur utanom idrett: Ein representant

Rådmannen ser det føremålstenleg at folkehelsekoordinator held fram som sekretær, og at styringsgruppa har funksjonstid til utgangen av 2019.

Rådmannen ber om mynde til å utfordre dei ulike gruppene til å gjere val slik at den nye styringsgruppa er på plass innan 1. april 2017.

Mandatet bør framleis vere å følgje opp kommunen sitt folkehelsearbeid i tråd med God

Helse-partnaravtalen.

I tillegg må styringsgruppa følgje opp mål sett av kommunestyret i dei årlege handlingsplanane i kommuneplanen.

INNSTILLING: RÅDMANNEN SI INNSTILLING

1. Skodje kommunestyre vedtek å forlenge gjeldande God Helse partneravtale mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og Skodje kommune ut kalenderåret 2019. Avtalen inneheld m.a. eit vilkår om å ha tilsett folkehelsekoordinator i min 50 % stilling.
2. Skodje kommunestyre vedtek å oppnemne ny Styringsgruppe for folkehelse med slik samansetjing:
 - Politikarar: To medlemmer med felles vara. Skal vere leiar og nestleiar.
 - Rådmannsteam: Ein representant
 - Helseeininga: Ein representant
 - Skulane: Ein representant
 - Barnehagane: Ein representant
 - Frivillege lag, idrett: Ein representant
 - Frivillege lag, kultur utanom idrett: Ein representant

Folkehelsekoordinator skal halde fram som sekretær.

Styringsgruppa for folkehelse skal ha funksjonstid ut 2019.

Rådmannen får oppdrag å utfordre dei ulike gruppene til å gjere val slik at den nye styringsgruppa er på plass 1. april 2017.

Mandatet til styringsgruppa er å følgje opp kommunen sitt folkehelsearbeid i tråd med God Helse-partnaravtalen og mål sett av kommunestyret i årlege handlingsplanar.

FORMANNSKAPET SI INNSTILLING

1. Skodje kommunestyre vedtek å forlenge gjeldande God Helse partneravtale mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og Skodje kommune ut kalenderåret 2019. Avtalen inneheld m.a. eit vilkår om å ha tilsett folkehelsekoordinator i min 50 % stilling.
2. Skodje kommunestyre vedtek å oppnemne ny Styringsgruppe for folkehelse med slik samansetjing:
 - Politikarar: To medlemmer Modolf Hareide og Per Egil Håhjem med felles vara Johan Honningdal.
 - Rådmannsteam: Ein representant
 - Helseeininga: Ein representant
 - Skulane: Ein representant
 - Barnehagane: Ein representant
 - Frivillege lag, idrett: Ein representant
 - Frivillege lag, kultur utanom idrett: Ein representant

Folkehelsekoordinator skal halde fram som sekretær.

Styringsgruppa for folkehelse skal ha funksjonstid ut 2019.

Rådmannen får oppdrag å utfordre dei ulike gruppene til å gjere val slik at den nye styringsgruppa er på plass 1. april 2017.

Mandatet til styringsgruppa er å følge opp kommunen sitt folkehelsearbeid i tråd med God Helse-partnaravtalen og mål sett av kommunestyret i årlege handlingsplanar.